

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
024/17	Formannskapet	21.03.2017
017/17	Kommunestyret	04.04.2017

Saksbehandlar: Johannessen, Ingrid
Sak - journalpost: 12/2584 - 2017003779

ANDRE GANGS HANDSAMING AV KOMMUNEPLANEN, SAMFUNNSDELEN, FOR VINDAFJORD KOMMUNE 2017-2029

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommuneplan for Vindafjord kommune 2017-2029, samfunnsdelen, vert vedteken slik han ligg føre datert 8. mars 2017.

04.04.2017 Kommunestyret

Kjartan Innbjo foreslo for BBL:

Side 23

Pkt. 2.4

Natur, friluftsliv, helse og **miljø** skal vere ein naturleg del av kvardagen i barnehagar og skular.

Side 36

Andre avsnitt:

Me må setja fokus på å stansa utviklinga av forsøpling og ukontrollert spreining av plastmateriale i naturen vår.

Side 37

I innramma

Satsingsområde: berekraftig arealforvaltning Vindafjord skal ha ei berekraftig arealforvaltning.

Ny siste setning:

Me skal ha fokus på å stanse forsøpling, spesielt av plast i samfunnet.

Side 38

Vindafjord skal ha ei berekraftig arealforvaltning!

Dette ønsker me (mål):

15. Stanse utviklinga med plastforureining av naturen.

Slik gjer me (strategi):

9. Arbeide for at alle skal ha fokus på å stanse den forsøplinga (spesielt av plast) som me ser også i vår kommune. Gjere tiltak

for å betra rutiner og endre holdningar blant barn og vaksne.

Reidar Håvås foreslo for Ap:

Fylgjande vert tatt inn på side 21 i planen:

Levande grender

I åra framover vil det vera viktig å bevare levande grender med ein god skule- og barnehagestruktur.

"Barnehage og skule = Levande grender"

Første setning i andre avsnitt under punkt 5.2.1 på side 25 i planen vert erstatta med:

Vindafjord kommune ynskjer å vera ein livskraftig kommune på Haugalandet. Vindafjord kommune tar mål av seg til å vera ein av dei fremste kommunane på Haugalandet.

Vindafjord skal vera med å ta del i å styrka den samla nærings- og befolkningsveksten i regionen. Vindafjord skal vera ein av dei sentrale kommunane på Haugalandet med Ølen som eit viktig kommunesenter.

Fylgjande vert tatt inn på side 33 i planen under Satsingsområde:

Bygdesentra skal vera sterke og samlande for innbyggjarane der dei bur, for å kunna gi energi til det felles kommunesenteret.

Fylgjande setning på side 33 under Satsingsområde går ut:

Ølen skal vere eit sterkt og samlande kommunesenter samstundes med at bygdene skal få rom for å bygge sine små sentrum for bygdesenterfunksjonar som t.d. nærbutikkk.

Side 23

Nytt punkt:

Det er viktig å utvikla og marknadsføra Vindafjord kommune som ein attraktiv bukommune. Dette krev ei brei satsing på bustadtomter, arbeidsplassar, kulturtilbod, handel og service, og ein desentralisert barnehage- og skulestruktur. Kommunen vil også særleg ha fokus på at lokal ungdom flyttar tilbake etter endt utdanning og buset seg her.

Side 24

Nytt punkt:

Det er viktig at ein ser på tiltak for å auke buattraktivitet, tilflytting og tilbakeflytting i bygdene og med særleg vekt på dei bygdene som har nedgong i folketalet. I dette arbeidet må ein samarbeide med grendautvalet i kvar bygd.

Liv Eidhammer Mangrud foreslo for Krf:

Punkt 7.1 på side 24 i planen vert endra til:

Samarbeide til barns beste på tvers av fagområde og sektorar med tidleg innsats frå svangerskap av.

Nytt avsnitt etter 3. avsnitt på side 20 i planen:

Fokus på tidleg innsats allereie frå svangerskap av er viktig. Gjennom jordmorteneste og helsestasjon i samarbeid med andre aktuelle faginstansar, kan ein legge godt grunnlag for utvikling og læring.

Første setning i opprinneleg 5. avsnitt på side 20 i planen vert endra til:

Tidleg innsats er også eit omgrep som går igjen i barnehage og skule.

Ved avrøysting vart resultatet:

BBL (Innbjo) sine forslag vart ved punktvis avrøysting samrøystes vedtatt (med 24 røyster).

Ap (Håvås) sitt forslag om Levande grender på side 21 i planen fekk 5 røyster (Ap 3, Olav Eikeland Sp og Innbjo), 19 røysta mot.

Ap (Håvås) sitt forslag om endring under punkt 5.2.1 på side 25 i planen fekk 3 røyster (Ap), 21 røysta mot.

Ap (Håvås) sitt forslag om tillegg under Satsingsområde på side 33 i planen fekk 4 røyster (Ap 3 og Eikeland), 20 røysta mot.

Ap (Håvås) sitt forslag om å ta ut ein setning under Satsingsområde på side 33 i planen fekk 3 røyster (Ap), 21 røysta mot.

Ap (Håvås) sitt forslag om nytt punkt på side 23 i planen vart vedtatt med 15 røyster, 9 røysta mot.

Ap (Håvås) sitt forslag om nytt punkt på side 24 i planen vart vedtatt med 20 røyster, 4 røysta mot.

Krf (Eidhammer Mangrud) sine forslag vart vedtatt med 22 røyster, 2 (Per Fatland H og Jan Ove Stople H) røysta mot.

Formannskapet si tilråding med BBL (Innbjø) sine forslag, Ap (Håvås) sine forslag om nytt punkt på side 23 og nytt punkt på side 24, og Krf (Eidhammer Mangrud) sine forslag vart deretter samrøystes vedtatt (med 24 røyster).

KS-017/17 Vedtak:

Kommuneplan for Vindafjord kommune 2017-2029, samfunnsdelen, vert vedteken slik han ligg føre datert 8. mars 2017 med fylgjande endringar og tillegg:

Side 23

Pkt. 2.4

Natur, friluftsliv, helse og **miljø** skal vere ein naturleg del av kvardagen i barnehagar og skular.

Side 36

Andre avsnitt:

Me må setja fokus på å stanse utviklinga av forsøpling og ukontrollert spreing av plastmateriale i naturen vår.

Side 37

I innramma

Satsingsområde: berekraftig arealforvaltning Vindafjord skal ha ei berekraftig arealforvaltning.

Ny siste setning:

Me skal ha fokus på å stanse forsøpling, spesielt av plast i samfunnet.

Side 38

Vindafjord skal ha ei berekraftig arealforvaltning!

Dette ønsker me (mål):

15. Stanse utviklinga med plastforureining av naturen.

Slik gjer me (strategi):

9. Arbeide for at alle skal ha fokus på å stanse den forsøplinga (spesielt av plast) som me ser også i vår kommune. Gjere tiltak

for å betra rutiner og endre holdningar blant barn og vaksne.

Side 23

Nytt punkt:

Det er viktig å utvikla og marknadsføra Vindafjord kommune som ein attraktiv bukommune. Dette krev ei brei satsing på bustadtomter, arbeidsplassar, kulturtilbod, handel og service, og ein desentralisert barnehage- og skulestruktur. Kommunen vil også særleg ha fokus på at lokal ungdom flyttar tilbake etter endt utdanning og buset seg her.

Side 24

Nytt punkt:

Det er viktig at ein ser på tiltak for å auke buattraktivitet, tilflytting og tilbakeflytting i bygdene og med særleg vekt på dei bygdene som har nedgong i folketalet. I dette arbeidet må ein samarbeide med grendautvalet i kvar bygd.

Punkt 7.1 på side 24 i planen vert endra til:

Samarbeide til barns beste på tvers av fagområde og sektorar med tidleg innsats frå svangerskap av.

Nytt avsnitt etter 3. avsnitt på side 20 i planen:

Fokus på tidleg innsats allereie frå svangerskap av er viktig. Gjennom jordmorteneste og helsestasjon i samarbeid med andre aktuelle faginstansar, kan ein legge godt grunnlag for utvikling og læring.

Første setning i opprinneleg 5. avsnitt på side 20 i planen vert endra til:

Tidleg innsats er også eit omgrep som går igjen i barnehage og skule.

21.03.2017 Formannskapet

Varaordfører Steinar Skartland (Krf) foreslo:

Punkt 7.1 på side 24 i planen vert endra til:

Samarbeide til barns beste på tvers av fagområde og sektorar med tidleg innsats heilt frå mors liv av.

Reidar Håvås (Ap) foreslo:

Følgjande vert tatt inn på side 21 i planen:

Levande grender

I åra framover vil det vera viktig å bevare levande grender med ein god skule- og barnehagestruktur.

"Barnehage og skule = Levande grender"

Første setning i andre avsnitt under punkt 5.2.1 på side 25 i planen vert erstatta med:

Vindafjord kommune ynskjer å vera ein livskraftig kommune på Haugalandet. Vindafjord kommune tar mål av seg til å vera ein av dei fremste kommunane på Haugalandet.

Vindafjord skal vera med å ta del i å styrka den samla nærings- og befolkningsveksten i regionen. Vindafjord skal vera ein av dei sentrale kommunane på Haugalandet med Ølen som eit viktig kommunesenter.

Følgjande vert tatt inn på side 33 i planen under Satsingsområde:

Bygdesentra skal vera sterke og samlande for innbyggjarane der dei bur, for å kunna gi energi til det felles kommunesenteret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd.

Forslaga frå varaordfører Skartland og Håvås følgjer protokollen til kommunestyret.

FS-024/17 Vedtak:

Tilråding frå Formannskapet:

Kommuneplan for Vindafjord kommune 2017-2029, samfunnsdelen, vert vedteken slik han ligg føre datert 8. mars 2017.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar, reglement m.m.:

Plan- og bygningslova.

Saka gjeld:

Andre gang handsaming av kommuneplanen sin samfunnsdel for Vindafjord kommune for perioden 2017-2029.

Saksopplysningar/vurdering:

Planforslaget blei første gang handsama i formannskapet 09.02.2016, sak 009/16.

Bakgrunnen for saka

I samsvar med plan- og bygningslova § 11-1 skal kommunen ha ein samla plan som omfattar ein samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver i kommunen. Han skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg frå statlege og regionale myndigheiter til grunn.

Kommunestyret skal minst ein gang i kvar valperiode utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi (Pbl §10-1). Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutviklinga, inklusiv langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden. Ved handsaminga skal kommunestyret ta stilling til om gjeldande kommuneplan eller deler av denne skal reviderast, eller om planen skal vidareførast utan endringar. Kommunestyret skal også ta stilling til om det er behov for å sette i gang arbeid med nye arealplanar i valperioden, eller om gjeldande planar bør reviderast eller opphevast. Slik blir planlegginga behovsstyrt. Kommunestyret blir gjennom arbeidet med planstrategien utfordra til å drøfte dei store linjene for kva ein vil med kommunesamfunnet og til å tenke strategisk ut frå dette.

Det er kommunen sin førre planstrategi og planprogrammet som blei vedteke samstundes med denne, som er utgangspunktet for at samfunnsdelen nå blir revidert i sin heilskap. Kommunestyret vedtok ny planstrategi i møte 20.12.2016. Denne tar stilling til neste revisjon av kommuneplanen, som vil starte opp hausten 2017.

Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgast opp dei fire påfølgande åra, og som skal reviderast årleg. Handlingsdelen gir grunnlag for kommunen si prioritering av ressursar, planleggings- og samarbeidsoppgåver og konkretiserer tiltaka innanfor kommunen sine økonomiske rammer, jf. pbl § 11-3. I Vindafjord kommune samsvarar handlingsdelen med kommunen sin økonomiplan og blir handsama som eiga sak.

Formål

Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon, jf. pbl § 11-2. Kommuneplanen skal vidare vere grunnlag for sektorane sine planar og verksemd i kommunen. Samfunnsdelen skal også gi mål og retning for arealbruken og legge føringar for utforminga av plankartet og føresegnene.

Planprosess

Formannskapet har vore styringsgruppe. Arbeidsgruppe har vore rådmann, kommunalsjefar, einingsleiarar for Kultur, Kommunaltekniske tenester og Areal og forvaltning, planavdelinga samt folkehelseinspirator i ein avgrensa periode.

Som innleiing til planarbeidet arbeidde styringsgruppa med kommunen sine utfordringar på eit arbeidsseminar. Gjennom aktiv deltaking i gruppearbeid kom styringsgruppa fram til mange og forskjellige forslag til utfordringar, men prioriterte til slutt nokre hovudutfordringar.

Neste steg i planprosessen var å definere satsingsområda. Satsingsområda har rot i dei prioriterte utfordringane, men samtidig har ein ivaretatt dei føringar som ligg i vedteke planprogram. Dei seks tema som i planprogrammet blei lista opp å ha relevans for planarbeidet, er bygd på vurderingar i høve til nasjonale og regionale forventningar og kommunen sine eigne planar. Med kommunen sin visjon og sitt verdigrunnlag i botn for all kommunal verksemd og med prioriterte utfordringar som bakteppe vedtok formannskapet i møte 03.02.2015, sak 012/15 satsingsområda:

- levande bygder
- handlekraftig kommune og samfunn
- berekraftig arealforvaltning

Våren 2015 blei det først gjennomført møte med kvar av dei 9 grendeutvala i kommunen. Vidare blei det saman med grendeutvala arrangert folkemøte i alle bygdene. På folkemøta blei det orientert om planarbeidet og det blei gjennomført gruppearbeid med utgangspunkt i dei tre vedtekne satsingsområda. Engasjement var stort hos dei frammøtte og det kom inn mange innspel om kva som er viktig for bygdene. I etterkant av folkemøta gjekk grendeutvala gjennom alle innspel og prioriterte det som dei fann var viktigast for si bygd.

Forslag til kommuneplan, både samfunnsdelen og arealdelen, blei første gang handsama i formannskapet 09.02.2016. Planforslaget blei vedteke sendt på høyring, med frist for å sende inn merknader sett til 13.05.2016. Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen bad om forlenga høyringsfrist og fekk det.

Ved første gangs handsaminga fremma tre av dei politiske partia (Høgre, Krf og Sp) forslag til endringar av samfunnsdelen. Den del av vedtaket som omhandlar desse innspela har følgande ordlyd: «Innkomne forslag frå Sp, Krf og H som vedkjem endringar i samfunnsdelen, følgjer saka som vedlegg og må fremjast på ny under neste handsaming». Rådmannen finn det rett å gjengi innhaldet i desse innspela og kommentere dei i saka til andre gangs handsaming som følger:

Senterpartiet

Dei har forslag om suppleringar (tekst med kursiv skrift) i teksten til hovudmål 1/ satsingsområde levande bygder (tekst som står i ramme i plandokumentet): Her skal alle bli møtt med respekt og likeverd *uavhengig av kulturbakgrunn og sosial situasjon*. Bustadområde skal vere varierte med tanke på ulike behov, slik at innbyggjarane kan bu i eigen heim lengst mogleg. Bygdene skal vere ein trygg stad å vekse opp, dei skal ha fellesarenaer som skapar gode sosiale nettverk og får innbyggjarane til å vere aktive ut frå sine føresetnader. Fellesskap skal byggast *på tvers av kulturar og grupper som er trygge på egne verdiar* og med samarbeid og dugnadsinnsats som igjen gir grunnlag for trivsel og tryggleik. *Vindafjord skal vere ein god kommune å bu i for sårbare grupper og nye landsmenn*. Innbyggjarane skal vere ved god helse og ha det bra.

Til delmål 1 om befolkningsvekst har Sp følgande innspel:

Arbeidsinnvandrarar må også vere målgruppe for befolkningsvekst og eit nytt punkt «Innfødde vindafjordingar er opne og inkluderande. Integrering av nye innbyggjarar skjer ved aktiv involvering og utveksling i høve til språk og kultur i samspel med etablerte og aktive innbyggjarar», blir føreslått. Senterpartiet ønsker å dempe ned bruken av ordet frivillig fordi dei vil appellere til oss alle som innbyggjarar og ikkje i ein spesiell frivillig sektor.

Til delmål 2 om folkehelse har dei følgande innspel:

Under strategi 2.6 om å støtte opp om aktivitetstilbod som fremmer fysisk aktivitet ønsker dei «å inkludere nye landsmenn i dette». Under strategien om å legge til rette for sosiale møteplassar i samarbeid med frivillige, ønsker senterpartiet heller å nemne lokalbefolkninga, lag og organisasjonar enn frivillige.

Senterpartiet har nytt forslag om å «Legge til rette for at det blir utvikla tverrkulturell forståing ved å bruke og skape ulike arenaer for samtale og utveksling av kulturelle uttrykk».

Under handlekraft har senterpartiet forslag om å «utvikle Vindafjord som turistmål ved å fokusere på turkommunen/natur/friluftsliv/grønt reiseliv. Vidare stiller dei spørsmål ved strategien om å «arbeide for å utvikle grønare lokalsamfunn». Her er det rom for mange tolkningar og det bør definerast tydelegare dersom det skal stå.

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen finn formuleringar/tilføyingar til satsingsområde levande bygder gode og utfyllande, teksten i plandokumentet er endra i samsvar med forslag.

Arbeidsinnvandrane er tatt med i målgruppa for befolkningsvekst. Rådmannen vil unngå bruken av omgrepet «innfødde» då det vil ekskluderer mange av dei som er busett i kommunen. Det er utforma eit eige mål om å «vere eit opent og inkluderande samfunn der alle har like rettar, plikter og moglegheiter for samfunnsdeltaking» (mål 4). Vidare er det forma strategiar for å følge dette opp. Rådmannen brukar omgrepet frivillig med tanke på alle. Frivillig er eit omgrep som femnar vidt og skal i utgangspunktet inkludere alle. Det er ikkje sikta til ein frivillighetssentral eller ein bestemt sektor. Rådmannen har ikkje gjort endringar i bruken av omgrepet frivillig i plandokumentet.

Strategien «I samarbeid med frivillige støtte opp om aktivitetstilbod som fremmer fysisk aktivitet», er ei oppfølging av måla for folkehelse. Desse måla gjeld sjølvstøtt heile befolkninga, og ei presiseringa av nokre grupper skal vere unødvendig. Forslaget om å «legge til rette for at det blir utvikla tverrkulturell forståing ved å bruke og skape ulike arenaer for samtale og utveksling av kulturelle uttrykk», har rådmannen delvis tatt med i strategi 4.3.

Det er ikkje ei tydeleg prioritering av turistnæringa som satsingsområde i kommuneplanen. Turkommune, friluftsliv og fysisk aktivitet er inkludert i strategiar, men på bakgrunn av andre målsettingar enn turisme. Strategien om å utvikle grønare lokalsamfunn er rådmannen einig i at er for utydeleg. Den er tatt ut av plandokumentet.

Kristeleg folkeparti

Dei ønsker ei tilføyning til strategien om å «samarbeide til barns beste på tvers av fagområde og sektorar» (strategi 7.1) med ordlyden «*med tidleg innsats heilt frå mors liv av*».

Til strategien om å «utvikle tettstaden i retning mot Ølensvåg med ei målsetting om å bygge desse to tettstadane saman på lang sikt», ønsker Krf å legge til «dette kan vurderast både nedanfor og ovanfor ny trase for E134».

I tillegg til strategien om å vere pådrivar for offentleg vegutbygging, vil Krf at kommunen skal vere ein støttespelar og pådrivar for bygging av høg fartstog mellom Vestlandet og Austlandet over Haukeli.

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen har vurdert og supplert strategien «samarbeide til barns beste på tvers av fagområde og sektorar» med ordlyden «så tidleg som mogleg».

Rådmannen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å planlegge ei generell utvikling også ovanfor ny E134 i kommande planperiode. Det er sett av areal til næring ovanfor ny trase på Nerheim i Ølen. Dette er eit strategisk grep, men utover dette, kan ein ikkje sjå behovet i denne planperioden.

Rådmannen har lagt Krf sitt framlegg om å «vere pådrivar for bygging av høg fartstog mellom vestlandet og austlandet over Haukeli» til strategi 9.6 om å vere pådrivar for offentleg vegbygging.

Høgre

Vindafjord høgre stiller seg bak målsettingane som er formulert og meiner at revisjon av kommuneplanen er eit godt høve til å sette fokus på det som etter deira syn er dei største utfordringane i kommunen; auka busetnad, sterkare sentrumsfunksjonar og styrking av landbruksnæringa. Etter deira syn kan det takast i bruk sterkare verkemiddel for å møte desse utfordringane og dei fremmer på bakgrunn av dette følgande:

1. Det må utarbeidast strenge vilkår for nybygging i LNF- sone 1
2. Hovudregel skal vere at gardshus nr. 2 skal kunne skillast frå hovudbruket både i LNF-sone 1 og sone 2, bortsett frå i dei tilfelle der dette er plassert i eit tett integrert tun.
3. Vern av landbruksjord og tilrettelegging for rasjonelle brukseiningar i landbruket skal prioriterast sterkt.
4. Det skal utgreiast å regulere fleire sentrumsnære husklynger i alle bygdene.

5. Det skal prioriterast fortetting i sentrumsnære område, og bygging av småhusvære / leilighetsbygg i alle bygder for å få til ein meir blanda bustadsamansetting.

Rådmannen sine kommentarar:

1. Det er strenge vilkår for bygging i LNF-områda i gjeldande lovverk.
2. Å skilje frå gardshus nummer 2 må handsamast som ein dispensasjon, med ei konkret vurdering frå sak til sak. Ei frådeling vil gjere desse eigedomane fritt omsettelege og konsekvensar for landbruket på kort og lang sikt, må vurderast.
3. Rådmannen vil vise til strategi 11.7 «jordvern skal vere eit grunnprinsipp i arealforvaltninga». Det går elles fram av plandokumentet at landbruksnæringa er svært viktig for Vindafjord. Ein annan strategi er å «bidra til å oppretthalde og helst auke produksjonsareal, - volum og verdiskaping i landbruket» (strategi 11.8).
4. Når det gjeld bruken av husklynger vil rådmannen vise til formannskapssak 105/16, der arealdelen til kommuneplanen – gjennomgang av motsegner, blei handsama og resultat frå drøftingsmøte med Fylkesmannen og Rogaland fylkeskommune 07.02.2017. Alle nye husklynger er trekt frå framlegget til arealdelen, og ein bustadanalyse skal gi oss eit betre grunnlag for bruk av verkemidlar ved revisjon av neste kommuneplan.
5. I kommuneplanen er fortetting i eksisterande bustadområde vurderert og nye bustadområde er planlagt i gangavstand til barnehage og skule (strategi 8.5) Utover dette vil også bustadanalysen hjelpe oss i å få eit bustadtilbod som er betre tilpassa dei einskilde bygdene ved neste revisjon av kommuneplanen (strategi 8.1).

Innkomne merknader

Innkomne merknader til samfunnsdelen er oppsummert og kommentert nedanfor.

Statens vegvesen, 03.05.2016

Statens vegvesen vil peike på at det er viktig å ha fokus på auka sentral fortetting for å oppnå ei berekraftig tettstadsutvikling. Trenden på landsbasis og på Haugalandet er tilflytting til meir sentrale strøk. Denne trenden kan Vindafjord møte ved å utvikle attraktive tettstadar som er gode å bu i. Avgjerd om lokalisering og utforming av bustadområde, næringsområde og infrastruktur vil påverke både landbruksinteressene, energibruk, utsepp og folkehelse. Spreidd utbyggingsstruktur medfører ei rekke samferdselsrelaterte utfordringar, som større bruk av bil, men kan også medføre at nye bustadar blir bygd utan at det er etablert gang- og sykkelveggar og sikre haldeplassar for buss mm.

Visjonen om levande bygder må følgast opp ved å styre arealbruken til etablerte tettstadar og bygder for å styrke dei. Kommunen har vurdert fortetting og nye bustadområde med gangavstand til barnehage og skule i tråd med planprogrammet. Dette er eit godt og naudsynt plangrep, men må følgast endå sterkare opp i arealdelen. Statens vegvesen gir planfagleg råd om at kommunen gjer ei tydelegare prioritering av kva område ein ønskjer å styre vekstkrafta si til. Vekst er ein avgrensa ressurs.

Rådmannen sine kommentarar:

I vurderinga av behovet for bustadområde i kvar av bygdene er potensiale for fortetting vurdert. Nye område er lokalisert nær barnehage og skule. Det er også forsøkt å definere sentrum i kvar bygd for slik å skape bygdesenter som styrkar lokalsamfunna og bygger opp under målet om levande bygder samstundes som ein har tanke for å redusere arealbruken og transportbehovet.

Eitt av satsingsområda er levande bygder. Dette er eit overordna mål, eit bevisst og tydeleg ønske om å ta vare på lokalsamfunna. Delmålet om at «Ølen skal vere eit sterkt og samlande kommunesenter» (del av mål 14) gir retning for kor me vil at den største vekstkrafta skal komme.

Fylkesmannen i Rogaland, 25.05.2016

Det er gjort eit grundig arbeid med kommuneplanrevisjonen, både samfunnsdelen og arealdelen. Med den reviderte kommuneplanen som overbygning, vil plansystemet i

Vindafjord fungere enda betre. Vindafjord har utforma gode overordna mål og strategiar for kommunen. Det er god samanheng mellom planstrategi, planprogram og kommuneplan og ikkje minst økonomiplan.

Det er vanskeleg å sjå kva planar som skal vere gjeldande framover og kva som er meint innarbeidd i kommuneplan og økonomiplan.

Eit av måla er at «Alle barn og unge skal gis eit læringsløp der kvar einiskild får oppfylt sitt faglege potensiale og blir eit trygt, aktivt og sjølvstendig menneske» (Mål 3). Fylkesmannen ønskjer at kommunen viser til meir konkrete tiltak slik at samanhengen mellom mål og tiltak vert tydelegare. Alternativt kan kommuneplanen vise tydelegare til sektorplan under utvikling for dette temaet.

Fylkesmannen gir kommunen råd om at kommuneplanen viser meir strategiske val for korleis flykningar og innvandrarakar skal integrerast og inkluderast. Kommuneplanen bør også innehalde tiltak for å styrke opplæringa av minoritetsspråklege elevar og grunnskuleopplæringa for vaksne. Eit alternativ kan vere å vise til sektorplan under utvikling.

Ei av utfordringane som kommuneplanen peikar på, er å styrka folkehelsa. Fylkesmannen ønskjer at kommunen viser kva utfordringar kommunen har i høve til folkehelse og korleis utfordringane kan møtast. Slik blir samanhengen mellom mål og tiltak tydelegare. Alternativt kan kommuneplanen vise til folkehelseplanen og andre relevante planar.

Det går fram av planprogrammet at barn og unge sitt oppvekstmiljø skal vere tema for arbeid med revisjon av kommuneplanen med særleg vekt på det tverrsektorielle samarbeidet. Omsynet til barn og unge er ikkje lagt inn som ein eigen del av kommuneplanen, men er eit gjennomgåande tema i samfunnsdelen og har såleis eit godt tverrfagleg fokus, skriv Fylkesmannen.

Vindafjord sine mål «dette ønskjer me» og strategiane «slik gjer me» er godt i takt med nasjonale forventningar og FN sine ferske mål for global berekraftig utvikling. Gjennom streng prioritering av revisjonstema for arealdelen, med vektlegging av vidareutvikling av bustad og næring i bygdesentra og eller nær barnehage og skule, har kommuneplanen tatt viktige grep for å redusere transportarbeid, bidra til tettstadsutvikling og levande bygdesentra og redusere uheldig spreidd utbygging. Fylkesmannen finn det noko uklart kva statusen for Klima og miljøplanen og plan for biologisk mangfald har, som begge er prioritert i planprogrammet.

Vindafjord er ein av dei største landbrukskommunane i Matfylket Rogaland. Fylkesmannen har lagt vekt på ny nasjonal jordvernstrategi og nasjonale føringar om samordna transportplanlegging i vurderinga av ny kommuneplan. Skal me nå det nasjonale jordvern-målet om årleg maksimal omdisponering av 4000 daa, må Rogaland redusere nedbygginga av matjord. Minst mogleg omdisponering av jordbruksareal og utbygging i landbrukskommunen Vindafjord er nødvendig for å unngå ytterlegare fragmentering av næringsareala for landbruket. Å verne om landbruket sitt næringsareal vil gi både berekraft og handlekraft til levande bygder i Vindafjord.

Rådmannen sine kommentarar:

I arbeidet med nyleg vedtatt planstrategi har ein prøvd å skilje mellom planar og dokument på strategisk nivå (kommuneplan, 12 år), taktisk nivå (økonomiplan, 4 år) og operativt nivå (årsbudsjett). Hovudgrepet er at overordna mål og strategiar skal ivaretakast gjennom kommuneplanen, at det skal utarbeidast færre planar og heller sikra tettare oppfølging i økonomiplanen. Det går også tydeleg fram av strategiane i kommuneplanen kva slag planar som skal supplere kommuneplanen.

Mål 3 om at «Alle barn og unge skal gis eit læringsløp der kvar einiskild får oppfylt sitt faglege potensiale og blir eit trygt, aktivt og sjølvstendig menneske», er følgt opp med tydelegare

strategiar enn det som låg føre ved høyringa. Det er likevel vurdert å vere behov for ein sektorplan og derfor utforma ein strategi (3.8) som fangar opp arbeidet med utvikling av denne planen.

Kommunen sitt mål er å «vere eit opent og inkluderande samfunn der alle har like rettar, plikter og moglegheiter for samfunnsdeltaking» (mål 4). Til dette målet følger strategiar for vaksenopplæringa og samarbeid mellom vaksenopplæringa og NAV. Tiltak må utformast i handlingsdelen av kommuneplanen (økonomiplanen).

Det er utforma tydlegare mål for folkehelse (mål 2) enn det som kom fram i høyringsforslaget. Som oppfølging av måla er det også utarbeida fleire strategiar som tydlegare viser korleis ein vil arbeide for å nå måla. Konkrete tiltak må følgast opp i økonomiplanen.

Kommunen sin Klima- og energiplan var i planstrategien prioritert for revisjon i 2013. I planprogrammet for kommuneplanen blei det vedteke at natur- og landskapsverdiar skulle kartleggast før nytt vedtak av kommuneplanen. Dette er ikkje gjennomført på grunn av manglande ressursar.

Kommunen har som mål å «oppretthalde og vidareutvikle landbruket» (del av mål 11). Jordvern skal vere eit grunnprinsipp i arealforvaltninga. Vidare skal kommunen bidra til å oppretthalde og helst auke produksjonsareal, -volum og verdiskaping i landbruket (strategi 11.7 og 11.8).

Rogaland fylkeskommune, 08.06.2016

Fylkeskommunen meiner Vindafjord har laga ein visjonær og grundig samfunnsdel med framtidsretta mål. Dei gir kommunen ros for å velge levande bygder, handlekraftig kommune/samfunn og berekraftig arealforvaltning som satsingsområde. Visjonen er god og gjenspeglar den positive utviklinga kommunen har hatt dei siste åra.

Dei saknar ei nærare utgreiing for status og lokalt utfordringsbilde innan folkehelse. Folkehelseprofilen må kvalitetssikrast og supplerast med lokale data. Det blir tilrådd å utarbeide meir konkrete indikatorar for måloppnåing som kan følgast opp i økonomiplanen.

Fylkeskommunen ber kommunen vurdere:

- bustadområde bør opparbeidast med universell utforming og ha gode gangsamband
- friluftsområde bør kunne vere lett tilgjengeleg i nærområdet
- sentrumsområde bør oppgraderast til universell utforming

Kommunen forventar ei kraftig vekst i dei eldste aldersgruppene. Fylkeskommunen saknar ei nærare drøfting av korleis dette vil påvirke tenestebehov og kommuneøkonomi, samt kva slag strategiar og tiltak kommunen vil iverksette for å imøtekomme auken i talet eldre. Fylkeskommunen oppfordrar til å vurdere tenestetilbod retta mot innvandrarfamiliar og tiltak som sikrar at gruppa blir aktive, sjølvstendige innbyggjarar som blir verande og inkludere arbeidsinnvandrarar i målgruppa for befolkningsvekst.

Fylkeskommunen oppfordrar til å gjennomføre ein heilskapleg analyse av bustadmassen og at denne blir vurdert opp mot eksisterande og framtidig befolkningsstruktur. Ber også om at kommunen vurderer korleis eksisterande bygningsmasse i tettstadane kan tilpassast og tilretteleggast for ny bruk. Kommunen bør utnytte potencialet for meir kompakt utbygging og fortetting i sentrale område og tilrår å etablere eit langsiktig stadsutviklingsarbeid for å bygge opp under dei einskilde bygdene med utgangspunkt i målet om levande bygder. Fylkeskommunen er skeptisk til bruken av sentrumsformål innanfor bygdesentra og etterlyser ei nærare grunngeving.

Det er lite som indikerer at kommunen har behov for reelle busettingsomsyn (Imsland, Bjoa og Vikebygd) i følgje fylkeskommunen, og etterlyser elles kommunen sin praksis og erfaring

med husklynger.

Fylkeskommunen synast det er flott at kommunen har levande bygder som satsingsområde, då levande bygder er ein føresetnad for å vidareutvikle og oppretthalde dei ressursbaserte næringane. Kommunen si rolle som tilretteleggar for næringsutvikling blir følgt opp i samfunnsdelen på ein god måte med mål om å vere god på næringsutvikling og å oppretthalde og vidareutvikle landbruket. Dei oppfordrar kommunen til å forankre planlegging av sjøareala som ein del av handlingsdelen til samfunnsdelen.

Fylkeskommunen tilrår at kommunen gjennomfører ei kategorisering av næringsområda og vurderer rekkefølga i utbygging, basert på lokale forhold og strategien om «rett verksemd på rett stad». Vidare at kommunen gjennomgår potensialet i godkjente byggeområde og vurderer å ta mindre aktuelle område ut av kommuneplanen.

Arbeidet med kommunedelplan for kulturminne kunne vore synleggjort i kommuneplanen. Temaet kulturminne og kulturmiljø kan nyttast aktivt innanfor fleire av satsingsområda i samfunnsdelen. Fylkeskommunen saknar også ei fokusering på kulturminne under satsingsområde berekraftig arealforvaltning.

Fylkeskommunen tilrår at kommunen sitt ansvar og målsetting i høve til vassforskrifta bli omtalt i samfunnsdelen.

Rådmannen sine kommentarar:

Målsettingane i kommuneplanen er å «fremme folkehelse og jamne ut sosiale helseskilnader», «gode levekår for innbyggjarane» og «fysisk og sosialt aktive innbyggjarar» (mål 2). I kommuneplanen står overordna og strategiske mål for folkehelse. For å sikre at folkehelsearbeidet blir sektorovergripande er det etablert eit folkehelseforum som er forankra i strategisk leiargruppe. Det skal vidare arbeidast for å ha ein løpande oversikt over helsetilstanden i kommunen, jf. strategi 2.2 i planen.

Universell utforming er sjølvstund det ideelle. Ei tilrettelegging er ressurskrevande. Rådmannen må peike på at dette må finne si løysing over tid, men at alle nye detaljreguleringar må vurderast med særskilt tanke på universell utforming. Kommuneplanen har ein strategi om å legge til rette for universelt utforma bustadar og butilbod med omsorgsfunksjonar i Ølen, Skjold og Sandeid (strategi 8.3).

Auke i andelen eldre er delvis drøfta i planen, men rådmannen vil elles vise til helse- og omsorgsplanen. Det er ein viktig strategi å fortsatt ha ein sektorplan for helse og omsorg (strategi 6.1) som inngåande gjer vurderingar i høve til tenestetilbod og oppfølging i økonomiplan. Rådmannen viser også til målsettinga om å «vere eit opent og inkluderande samfunn, der alle har like rettar, plikter og moglegheiter for samfunnsdeltaking» (mål 4) med tilhøyrande strategiar. Arbeidsinnvandrarar er inkludert i målgruppa for befolkningsvekst (strategi 1.1).

Rådmannen viser til strategien om å utarbeide ein bustadanalyse som omfattar heile kommunen (strategi 8.1). I kommuneplanen er fortetting i eksisterande bustadområde vurderert og nye bustadområde er planlagt i gangavstand til barnehage og skule og kommunen vil arbeide for å styrke bygdene sine kvalitetar og støtte opp om stadsutviklingsprosjekt. Kommunen har også søkt om deltaking i fylkeskommunen sitt stadsutviklingsprosjekt og vil også uavhengig av dette søke kompetanse på fagområdet. Når det gjeld bruken av «sentrumsformål» som verkemiddel i arealdelen, for å tydeleggjere sentrum i bygdene, vil rådmannen vise til prinsippavklaringa som var oppe som eiga sak i formannskapet, sak 099/15. Å definere sentrum i kvar av bygdene er eit uttrykk for ønsket om å skape bygdesenter som styrkar lokalsamfunna og bygger opp under målet om levande bygder samstundes som ein har tanke for å redusere arealbruk og transportbehov. Nokre sentrumsområde er møtt med motsegn i arealdelen, men mål og strategiar i samfunnsdelen er uendra.

I bygdene Imsland, Bjoa og Vikebygd har ein ikkje befolkningsnedgang, men ein ser tegn på stagnasjon. For å vere føre var og imøtekomme denne trenden, har kommunen utfrå hovudmålsettinga om levande bygder, valt å legge busettingsomsyn til grunn i desse tre bygdene. Det er ikkje gjort nærare vurdering av bruken av husklynger som verkemiddel. Rådmannen vil elles vise til formannskapssak 105/16, der arealdelen til kommuneplanen – gjennomgang av motsegner, blei handsama og resultat frå drøftingsmøte med Fylkesmannen og Rogaland Fylkeskommune 07.02.2017. Alle nye husklynger er trekt frå framlegget til arealdelen, og ein bustadanalyse skal gi oss eit betre grunnlag for bruk av verkemidlar ved revisjon av neste kommuneplan.

Sjøareala har i liten grad vore tema ved denne revisjon av kommuneplanen. Det blir utøvd næringsaktivitet på sjø, og sidan næring er tema for revisjon av arealdelen, har sjøareala blitt vurdert i høve til akvakultur. Sjøareal og strandsone er gjennom nyleg vedtatt planstrategi eitt av tema som skal vurderast ved neste revisjon av kommuneplanen.

Rådmannen har skrive inn i planen ein strategi i samsvar med fylkeskommunen sitt innspel om kategorisering av næringsområda basert på lokale forhold og utfrå strategien om rett verksemd på rett stad (strategi 11.1).

Kulturminneplanen har status som kommunedelplan og er såleis å rekne som ein del av kommuneplanen. Rådmannen har i større grad synleggjort kulturminne også i samfunnsdelen, og det kjem særleg fram under satsingsområde berekraftig arealforvaltning.

Kommunen sitt ansvar og målsetting i høve vassforskrifta er kort omtalt i samfunnsdelen under satsingsområda handlekraft og berekraftig arealforvaltning.

Rådet for eldre og funksjonshemma i Vindafjord, 09.05.2016

Dei tilrår at kommunen legg til rette for bustadar for menneske med særskilde behov i sentrumsnære område.

Rådmannen sine kommentarar:

Under satsingsområde levande bygder er eit av måla å ha eit butilbod som er tilpassa menneske i ulike livssituasjonar (del av mål 8). Dette er følgd opp med strategien om å legge til rette for universelt utforma bustadar og butilbod med omsorgsfunksjonar i Ølen, Skjold og Sandeid (strategi 8.3).

Fikse Etne og Vindafjord næringsutvikling, 13.05.2016

Næringslivet opplever kommunen si rolle som tilretteleggar for nærings- og lokalsamfunnsutvikling som viktig. Slik dei ser det er framlegg til kommuneplan ei vidareføring av tidlegare plan. Dei meiner planen i større grad bør legge klare føringar og grenser for korleis tiltak skal gjennomførast, eventuelt ikkje skal gjennomførast. Dei opplever formuleringar enkelte stadar i dokumentet meir som planflosklar enn som presise føringar for dei som skal bruka planen som verktøy. Moment i planen som ikkje er tydelege krav, kan med fordel utelatast. Dette meiner dei vil gjere planen meir føreseieleg for brukarane, mindre open for personlege tolkingar hos kommunen eller tiltakshavar.

Fikse næringsutvikling legg til grunn at kommuneplanen held seg til Regionalplan for areal og transport på Haugalandet som er gjeldande på høyringstidspunktet.

Kommuneplanen omhandlar ei rekke nasjonale, regionale og lokale omsyn mellom anna ved utviklinga av nærings- og bustadareal. Næringslivet opplever stadig at desse omsyna heilt eller delvis kolliderer med kvarandre. Til dømes vil utvikling av bustadareal som skal ta omsyn til jordvern, bli flytta «opp i lia». Dette vil i mange høve trekke i motsett retning med tanke på fortetting/bygging frå kjerne og utover, omsyn til avstandar og transport, omsyn til stigningsgrad på veg og omsyn til terrengtilpassing. Døme på dette ser ein i Sandeid der foreslått sentrumsnært areal til bustadføre mål vert vedtatt flytta til brattlendt terreng sør for

Østbøfeltet. Av slike grunnar etterlyser Fikse næringsutvikling ei tydelegare prioritering og rangering av omsynskriteria.

Vindafjord kommune kan bidra med tilgjengeleg næringsareal for nyetableringar og utvikling av eksisterande næringsliv. Med tilgjengeleg areal meiner dei at ein del av næringsarealet som er sett av i kommuneplanen bør vere forvalta av kommunen eller den aktør kommunen set til oppgåva. Rett næring må etablerast på rett stad, det betyr at næringsareal med ulike kvalitetar og eigenskaper må vere tilgjengeleg. Tilgjengeleg areal kan ha ulik grad av opparbeiding. Der eksisterande næringsliv er etablert, må det settast av areal for tilstrekkeleg utvikling.

Rådmannen sine kommentarar:

Kommuneplanen er ein strategisk plan som bør ha eit innhald som kan stå seg over tid. Han skal gi mål og retning for arealbruken og føringar for utforming av plankartet og føresegnene. Mål og strategiar må følgast opp med tydelege prioriteringar og tiltak i handlingsdel/økonomiplan (taktisk nivå). Elles gir kommunen sin nyleg vedtekne planstrategi føringar for kva andre planar kommunen skal ha på taktisk nivå.

Ny Regionalplan for areal og transport på Haugalandet er vedteken i løpet av planprosessen. Rådmannen har gjennom heile prosessen lagt til grunn ny regionalplan.

Det er mange omsyn å ta i kommuneplanarbeidet. Etter beste evne har rådmannen freista å legge fram ein kommuneplan som balanserer nasjonale, regionale og lokale omsyn. Bustadareal i Sandeid er eit godt døme på dei mange dilemma ein kjem opp i i planarbeidet, sjå elles omtale av dette i avsnittet om samanhengen med arealdelen i plandokumentet s. 25.

Kommunen har sett som mål å vere god på verdiskaping og næringsutvikling (mål 11). Det er sett av næringsareal i alle bygder. Vidare skal dette følgast opp mellom anna gjennom ei strategisk satsing på næringsareal (både til sjø og veg), sette av areal og legge desse til rette i ei prioritert rekkefølge (strategi 11.2). Rådmannen viser elles til strategiane 11.1 - 11.6.

Samstyret for bondelaga i Vindafjord, 13.05.2016

Innleiingsvis skriv dei at dei ønskjer seg ein framoverlent og aktiv kommune og at eit sterkt jordvern må prioriterast. At bygdene vert oppfatta som gode i forhold til oppvekst, barnehage/skule, idrett og kultur er viktig for alle innbyggjarane i kommunen. Her har kommunen gjort ein god jobb ved å halde møte i saman med grendeutvala m.m. for å måle stemning og prioritering ute blant innbyggjarane.

I samfunnsdelen saknar dei ei oppstilling /vurdering av den einskilde bygda sin eigart og ressurs. Kommuneplanen kunne vore meir visjonær på vegne av kvar bygd sin «eigenart/spesialitet» (dette grip direkte inn i kommuneplanen sitt mål nr. 11 med tilhøyrande strategiar).

Vindafjord må vere aktiv og positiv i forhold til fornuftig omdisponering av tomter/forretningsbygg til bustadformål, og ha ein aktiv sentrumspolitik som motiverer til effektiv arealbruk i sentrumskjernen. Det er å forvente at kommunen vil vere ein pådrivar for dette, og det blir etterlyst klare mål om dette i kommuneplanen der ein vågar å gjere prioriteringar.

Samstyret for bondelaga synst det er vanskeleg å få auge på kva strategi Vindafjord kommune har når det gjeld næringsareala. Dei spør om det er gjort ei vurdering av næringsareala opp mot målsettinga.

Som ei oppfølging av målet om «å oppretthalde og vidareutvikle landbruket (del av mål 11)» foreslår Samstyret følgande strategiar:

- dyrka mark og beite er bonden sitt næringsareal. Vindafjord kommune skal ha eit sterkt

jordvern, og skal vere ein føregangskommune på dette feltet.

- Ein aktiv næringspolitikk skal bidra til å oppretthalde og helst auke produksjonsareal, - volum og verdiskaping i landbruket.

Strategien om «å utvikle tettstaden Ølen i retning mot Ølensvåg med ei målsetting om å bygge desse to tettstadane saman på lang sikt», meiner Samstyret at må tas ut av planen. Omsyn til jordvern, kjerneområde landbruk og støysone industriområde gjer at denne strategien ikkje er realiserbar og er dessutan i strid med kommuneplanen sine eigne føringar på desse felta. «Det er såleis heller ikkje grunnlag for å starte ferda mot Ølensvåg ved å ta landbruksareal på Blikragarden», skriv Samstyret.

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen er einig i at bygdene sin eigenart ikkje i tilstrekkeleg grad er vurdert. Det er likevel gjort visse grep i kommuneplanen som på sikt vil gi oss moglegheiter for å tilpasse virkemidlar for dei ulike bygdene. Å utarbeide ein bustadanalyse vil t.d. gjere det mogleg å tilpasse butilbodet i høve til behovet i kvar bygd. Å støtte opp om stadsutviklingsprosjekt vil bidra til at både kommunen og bygdene blir medvitne sine kvalitetar og sin kompetanse. Dette kan det byggast vidare på i etterfølgande planarbeid.

Eitt av satsingsområda er levande bygder. Dette er eit overordna mål, eit bevisst og tydeleg ønske om å ta vare på lokalsamfunna. Å definere sentrum og sette av areal til sentrumsformål i kvar av bygdene i arealdelen er meint som eit verkemiddel for å skape bygdesenter som styrkar lokalsamfunna og bygger opp om målet om levande bygder samstundes som ein har tanke for å redusere arealbruk og transportbehov. Mål 13 om at «Ølen skal vere eit sterkt og samlande kommunesenter» gir retning for kor me vil at den største vekstkrafta skal komme. Vidare er det sagt at me skal drive «sentrumsbygging i bygdene» og at «fortetting skjer i eksisterande busetting nær barnehage og skule». Dette er strategiar for ein effektiv arealbruk.

Rådmannen er einig i at det er behov for ei vurdering av næringsareala i kommunen. Det er derfor formulert følgjande strategi: « Kategorisere næringsareala basert på lokale forhold og strategien om rett verksemd på rett stad» (strategi 11.1).

Rådmannen har vurdert og funne det rett å ta Samstyret sitt forslag om to nye strategiar som oppfølging til målet om «å oppretthalde og vidareutvikle landbruket» (del av mål 11) inn i kommuneplanen, sjå strategi 11.7 og 11.8 .

Det er eit mål at Ølen skal vere eit sterkt og samlande kommunesenter. Det er nå forma ein strategi om å utvikle tettstaden Ølensvåg i retning mot Ølen, som gir eit anna perspektiv enn motsett. Til merknaden om at Blikragarden ikkje må settast av til byggeområde, vil rådmannen gjere merksam på at det er fatta politisk vedtak om å gå til mekling for å prøve å få dette til byggeområde.

Ølensvåg Grendeutval, 13.05.2016

Grendeutvalet skriv at det er mykje bra i planen som omhandlar visjon og verdigrunnlag. Dei er også samd i satsingsområda, men opplever på fleire område at arealdelen ikkje fremmar mål og strategiar. Framfor alt må det settast av areal for bustad og næring i alle bygder. Det er for lite areal nå. Dei saknar spesielt areal til «tyngre» næringar og tilgang til sjø.

Grendeutvalet reagerer på formuleringa om at Ølen og Ølensvåg på sikt skal byggast saman, der ein begynner i Ølen og går i retning mot Ølensvåg. Grendeutvalet meiner dei to tettstadane må sjåast under eitt, slik at Ølen og Ølensvåg blir oppfatta som eitt sentrum. Begge desse bygdene må få utvikle seg og samanbygginga må naturleg gå frå begge retningar.

Rådmannen sine kommentarar:

Det er gjort vurderingar av behovet for areal til bustad og næring. Dette har hatt særskilt

fokus i arealdelen, og rådmannen meiner det er tilstrekkeleg areal sett av. Eitt unntak er bustadareal i Sandeid. Der har ein ikkje lukkast å finne nok bustadareal for heile planperioden, men har tilstrekkeleg for dei neste fire åra.

Grendeutvalet ønsker at Ølen og Ølensvåg skal sjåast som eitt sentrumsområde. Rådmannen viser til Regionalplan for areal og transport på Haugalandet. Der er Ølen definert som regiondelsenter medan Ølensvåg er definert som områdesenter. Ølen skal vere Vindafjord sitt kommunesenter, og såleis skal viktige publikumsretta funksjonar som berre blir gitt på ein stad innanfor del av regionen, lokaliserast i regiondelsenteret. Publikumsretta fellesfunksjonar for indre deler av Haugalandet skal fortrinnsvis lokaliserast i Ølen sentrum. Kommuneplanen har også som målsetting at «Ølen skal vere eit sterkt og samlande kommunesenter» (del av mål 14). Bygging av ny gang- og sykkelveg vil binde Ølen og Ølensvåg tettare saman.

John Sofus Grimås, 12.05.2016

Grimås støttar målsettinga om levande bygder. Dette er også ein føresetnad for å få eit sterkt kommunesenter, men etter kommunesamanslåinga har Vikedal ikkje fått nok moglegheiter til utvikling. Kommunen bør i samarbeid med Statens vegvesen prioritere miljøgata gjennom sentrum av Vikedal, men også dårleg vegstandard utanfor sentrum er ein hemsko for utvikling.

Rådmannen sine kommentarar:

Rådmannen vil vise til sine kommentarar til Samstyret for bondelaga om at bygdene sin eigenart ikkje i tilstrekkeleg grad er vurdert. Det er likevel gjort visse grep i kommuneplanen som på sikt vil gi oss moglegheiter for å tilpasse virkemidlar for dei ulike bygdene. Å utarbeide ein bustadanalyse vil t.d. gjere det mogleg å tilpasse butilbodet i høve til behovet i kvar bygd. Å støtte opp om stadsutviklingsprosjekt vil bidra til at både kommunen og bygdene blir medvitne sine kvalitetar og sin kompetanse. Dette kan det byggast vidare på i etterfølgande planarbeid.

Gode og trygge vegar er viktige føresetnader for utvikling av bygdene. Vikedal har lenge levd med trafikkfarleg veg gjennom sentrum og manglande gang- og sykkelvegtilbod til Søndena-feltet. Rådmannen vil vise til Detaljregulering for miljøgate og g/s-veg i Vikedal som vil løyse nokre av utfordringane i høve til fylkesvegen. Kommunen skal elles vere pådrivar for offentleg vegutbygging, jf. strategi 9.6.

Oppsummering

Samfunnsdelen skal ta utgangspunktet i heilskapen i kommunesamfunnet, men §11-2 krev ikkje at samfunnsdelen skal vere ein altomfattande plan. Hovudformålet til samfunnsdelen er ikkje at kommunen skal utarbeide samfunnsdelen som eit altomfattande oppslagsverk der alle aspekt ved kommunesamfunnet og kommuneorganisasjonen blir drøfta inngåande. Skal samfunnsdelen få ein politisk relevans og vere eit nyttig styringsverktøy for å synleggjere strategiske plangrep, må politiske prioriteringar komme tydeleg fram i dokumentet. Ein god samfunnsdel blir ikkje nødvendigvis definert ut frå sitt omfang, men i kva grad det er fokusert og handlingsretta ut frå nokre prioriterte satsingsområde.

Det er gjort ein del endringar i plandokumentet også uavhengig av innkomne merknader. Dette er endringar som arbeidsgruppa har drøfta og funne behov for. Det er under kapitlet om handlekraft at ein finn dei største endringane og tilføyningane.

Samfunnsdelen framstår nå som eit strukturert og oversiktleg dokument. Det gir ei skildring og vurdering av utviklinga i kommunen og vil danne eit godt grunnlag for sektorane sine planar og verksemder. Ut frå kommunen sin visjon, prosessarbeidet med kommunen sine hovudutfordringar og den generelle samfunnsutviklinga, har samfunnsdelen prioritert tre satsingsområde eller hovudmål. Desse satsingsområda skal gjevast særskilt merksemd og ressursar i kommande planperiode. Satsingsområda bygger på utviklingstrekk og status som er omtalt i kapitla 4 og 5.

Innanfor kvart av dei tre satsingsområda er hovudutfordringar skildra, det sett opp delmål (dette ønskjer vi) og for kvart av delmåla nokre strategiar (slik gjer vi). Strategiane er ikkje konkrete når det gjeld tiltak som skal settast i verk, men saman med måla skal dei danne grunnlag for kommunen sitt meir detaljerte handlingsprogram og økonomiplan for dei næraste åra.

Økonomiplanen blir å rekne for den kortsiktige delen av kommuneplanen. Denne blir eit handlingsprogram for alle sektorane si verksemd dei næraste fire åra. I denne delen vil mål og strategiar bli konkretisert i form av tiltak.

Rådmannen meiner det er gjennomført ein god kommuneplanprosess. Det er gjennomført ein omfattande medverknad der kommunen har gjort mykje for å involvere innbyggjarane i prosessen. Gjennom folkemøte i bygdene og møte med grendeutvala og ein eigen ungdomskonferanse, er det komme inn ei rekke innspel til planarbeidet. I planskildringa er dette oppsummert.

Ved første gangs handsaming blei samfunnsdelen og arealdelen handsama som ei felles sak med ei felles planskildring. Det er ønskeleg også ved ferdigstilling at kommuneplanen skal vere eit samla dokument. Rådmannen har likevel fremja behandling av samfunnsdelen nå, medan arealdelen er planlagt handsama i mai/juni. Dette for å kunne koma i gong med prosessen med å utvikle ein handlingsplan, som start på arbeidet med økonomiplanen for 2018-2021

Vedlegg:

Samfunnsdelen 08.03.2017

Samfunnsdelen-forslag frå H (L)(301086)

Samfunnsdelen-forslag frå Krf (L)(301085)

Samfunnsdelen-forslag frå Sp (L)(301084)